



Dei sameinte nasjonane
sin organisasjon for
utdanning, vitskap og kultur



Vestnorsk
fjordlandskap



NÆRØY
FJORDEN
VERDSARVPARK

Handlings- og tiltaksplan 2023.

Innleiing.

Handlingsplanen 2023 med framlegg til tiltak og aktivitetar byggjer på Parkplanen sine overordna satsingar som er:

- SKAPE NÆRING OG KULTUR.
- TA VARE PÅ NATURARV OG MILJØ.
- TA VARE PÅ KULTURARV.

Parkplanen ligg tilgjengeleg på fylgjande nettstad: <https://www.naroyfjorden.no/styringsdokument/>

Fylgjande føresetnader og rammevilkår er bestemmende i høve til val av tiltak og gjennomføring av desse:

- Oppfylging av Verdsarvkonvensjonen med tilhøyrande retningslinjer.
- Semje i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.
- Initiativ og innspel frå partnerar, stiftarar/ parkkommunane og tilsette i parkorganisasjonen.
- Tilsegn om midlar til gjennomføring/ tilgjengeleg prosjektøkonomi.

Handlingsplanen er resultatet av ein prosess som involverer :

- Parkpartnerane/ samarbeidspartar.
- Stiftarane.
- Tilsette i parkorganisasjonen.
- Parkstyret.

Handlingsplanen er handsama av Parken sitt arbeidsutval den 9. desember 2022 (A-sak 13/22) og godkjent av Parkstyret i møte den 20. Desember 2022. (Sak 16/22).

Kap.	Innsatsområde/ tiltak				
1.10	Parkmøte: Planlegge og gjennomføre Parkmøte/ allmøte.	15 000	15 000	Dagleg leiar/ AU.	Innan utgangen av 3. kvartal 2023.
1.11.					
1.12	Møteplassar: Planlegge og gjennomføre, gjerne i samarbeid med partnerar, tematiske arbeids- og dialogmøter.	20 000	20 000	Dagleg leiar/AU	Styrke samarbeid og samhandlinga om felles mål.
	Sum Møteplassar	35 000	35 000		

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2023	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Ansvar	Målsetjing resultat.
2.	SKAPE NÆRING og KULTUR					
VERTSKAP OG FORMIDLING:						
2.1	Vertskaps - og formidlingskurs: Utvikle og implementere basiskunnskap om verdsarvstatusen og verdsarvområdet i all vertskapsopplæring - særleg retta mot 1.linje personell i reiselivsverksemdar og andre verksemdar i Verdsarvparken. (<i>Satsinga inngår og i utviklinga av eit guidekonsept - førebels kalla «Fjord Guardians»</i>) Gjennomføre kurs/ seminar i historieforteljing/ interpretasjon med verdsarven som sentralt tema/ innhald/ verdi.	30 000	15 000	Visit Sognefjord AS Partnarane/ SAKTE Parkkommunane, Kommunane Verneområdeforv.	Prosjektlear kommunik.	1. Etablert kursdel om verdsarven i vertskapskurs/ opplæring av medarbeidarar. 2.Gjennomført kurs i historief.
2.2.	«Interpretive Walks»: Eit initiativ i etterkant av gjennomført CIG-kurs: Utvikle/ teste ut 2 formidlingsvandringar. (<i>Lokalitet ikkje fastsett p.t.</i>)	20 000	20 000	Parkpartnarar Visit Sognefjord/ Visit Voss	Parktilsette/ CIG- guides	Konsept utprøvd innan utgangen av 3. kvartal.
2.4.	Lokale verdsarvhus: Vidareføre satsinga med mål om å skape aktivitet i og kring skulehus/ grendehus samt involvere grendene i formidlingsarbeidet: 1. Utvikle/ tilby/ prøve ut eit tilpassa formidlingskonsept om verdsarvområdet og bygda til Jordalen verdsarvhus og Bakka verdsarvhus.	200 000	100 000	Bakka grendalag Nærøyfjorden Camping Jordalen grendalag Parkkommunane Verneområdeforv.	Dagleg leiar/ parktilsette	1 Ferdig utvikla konsept/ innhald, 1 formidl. konsept produsert og montert.
2.5.	UNESCO Verdsarvsenter Nærøyfjorden: I samsvar med utbyggingsavtale vidareføre samarbeidet med Aurland kjøle- og fruktlager SA mot realisering og autorisering av eit UNESCO Verdsarvsenter for Nærøyfjordområdet på Aurlandsvangen.	250 000	200 000	Fjordportalen AS Verdsarvkommunane Vestland fylke Miljødir. KLD	Fjordportalen AS / styringsgruppe.	1.Utarbeidd drifts- og forretningsplan. 2. Avklart søknad autorisasjon. 3. Inngått leigeavt. 3. etasj.
2.6.	Formidling og informasjon: 1.Oppdatering/ vidareutvikling av nettsida www.naroyfjorden.no - verdsarvsenter på nett?? 2. Revisjon av partnarhandbok og parkprofil/logobruk; ref. ny merkevareordning for verdsarvområdet. 3. Utvikling og produksjon av plakatar/ profileringsmateriell. 4.Auka satsing på å nytte lokal og regional media til informasjon/ formidling/ omtale av prosjekt og tiltak. Synleggjere Parken, parksamarbeidet og prosjekta. 5. Koordinering, kunngjering og profilering av partnarane sine aktivitetar/ arrangement gjennom utvikling/ produksjon av plakatar og annonser for media og nett. 6. Fylgje opp utviklinga og etableringa av nasjonal basisutstilling om Verdsarven. 7. Org./gjennomføre kurs i strategisk bruk av sosiale media. 8. Nyhendebrev til partnarar, stiftarar og samarbeidspartar.	150 000	100 000	Lokale blad og regionale aviser mv. Partnarane Verdsarvkommunane Verneområdeforv. Norges Verdsarv	Prosjektlear kommunik./ parktilsette.	1. Oppdatert/ fornya nettside. 2. Gjennomført revisjon av partnarhandbok. 3. Min.1 reportasje/mnd. i lokale/ regionale media. 4. Gjennomført kurs.

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2023	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Ansvar	Målesetjing/ resultat
2.8.	<p>Samarbeid med barnehagane og skulane : Verdsarvparken har som målsetjing at verdsarven Vestnorsk fjordlandskap skal bli ein naturleg del av skulevardagen til born og unge i heile Nærøyfjordområdet. I samarbeid med barnehagane og skulane i og inntil Verdsarvparken vert det utvikla, forankra og gjennomført systematiske pedagogisk opplegg tilpassa kvart årstrinn som set fokus på verdsarven og natur- og kulturverdiene lokalt og regionalt. Det vert m.a. vektlagt geologi, biologi, kulturarv, sporlaus ferdsle, verneområde og kva er verdsarv.</p> <p>Gjennom eit forprosjekt er målsetjinga å vidareutvikle eksisterande tilbod til ei verktøykasse for formidling av verdsarven.</p> <p>Satsinga inkluderer støtte/deltaking til gjennomføring av leirskule i Dyrdal og undervisningsopplegg på Otternes Bygdetun.</p>	375 000	350 000	Parkpartnarar, Verneområdeforvaltning/ SNO Parkkommunane/ verdsarvskulane. Lag/ organisasjonar	Prosjektleiar kulturminne	1. Gjennomføre min. 2 undervisningsopplegg i kvar kommune. 2. Gjennomført forprosjektet «Verktøykasse for formidling om verdsarven til barn.» innan 3 kvartal.
MAT, HANDVERKS- OG OPPLEVINGSPRODUKSJON:						
2.10.	<p>Miljøvenleg transport i Verdsarvparken: I samarbeid med reisemålselskapa, parkpartnarar og andre samarbeidspartar ta <u>initiativ til/vere pådrivar</u> for Grøn Mobilitet:</p> <p>1. Etablere eit EL/ lavutslepp shuttlebusstilbod («Hiking - buss») som knyter saman grendene, opplevingar/ aktivitetar og tenester og medverkar til spreing av gjester og verdiskaping.</p> <p>2. Vere pådrivar for etablering av EL/ lavutslepp shuttlebåttilbod på Nærøyfjorden. («Fjordbussen»)</p>	25 000	15 000	Visit Sognefjord/ Visit Voss Norway's best Kystled Nærøyfjorden. Partnarar/ «Prosjekt Stalheimskleiva» Fjord Tours group Forvaltning	Dagleg leiar/ parktilsette	Implementert i handlingsplan - Masterplan Visit Sognefjord.
Arrangement						
2.14.	<p>Guida turar i Verdsarvparken: I lag med dei lokale turlaga/ grendalaga planlegge og gjennomføre 1 guida tur i kvar av verdsarvkommunane: Tema: <i>Tre og skog i natur- og kulturlandskapet.</i> <i>Turmåla er ikkje fastsette enno/ detaljplanlegginga er i prosess.</i></p>	65 000	50 000	Lokale turlag, grendalag og andre parkpartnarar. Verdsarvkommunane, verneområdeforvaltninga.	Prosjektleiar kulturminne	Gjennomført 1 vandring i kvar verdsarvkommune

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2023	NVP	Partnarar/ Samarbeidsparter	Ansvar	Målsetjing/ resultat
2.15.	Verdsarvturen, Bakka: Innsats og hjelp til organisering og gjennomføring av arrangement.	15 000	10 000	Bakka grendalag SNO	Bakka grendalag	Arrangementet gjennomført 1.helga i august.
2.16.	Geologiens Dag 2023: Ope arrangement. <i>Tema og lokalisering er under planlegging.</i>	10 000	10 000	Parkpartnarar/ forvaltning.	Prosjektleder kulturminne	Arrangementet gjennomført innan 3.kvartal
2.17.	LANDSKAPSFEST 2023, Stalheim: Planlegge, organisere, marknadsføre og gjennomføre Stalheimskleiva Opp, konsert på Stalheim Hotel og guida turar i landskapsparken dagane 13.-14. mai.	195 000	40 000	Stalheim Landskapspark/Stalheim Hotel/ Statens Vegvesen	Stalheim Landskapspark	Arrangementet gjennomført innan 2.kvartal.
2.18.						
2.19.	Utviklingskonferansen 2023: Planlegge og gjennomføre ein regional konferanse med fokus på utvikling/ innovasjon i verdsarvområdet/ kva som råd å få til.	150 000	100 000	Parkpartnarar/ forvaltning/ Visit Voss/ Visit Sognefjord/ Sogn Næring	Dagleg leder/AU	Arr. gjennomført innan medio november
2.20.	Dei norske Kulturminnedagane 2023: Nasjonalt tema: <i>Levande kulturarv.</i> Vert freista arrangert i samarbeid med verdsarvkommunane. <i>Detaljar ikkje fastsett/ planlegging i prosess.</i>	30 000	15 000	Verdsarvkommunane, skulane, barnehagane, lag og organisasjonar, parkpartnarar	Prosjektleder kulturminne.	Arrangement gjennomført innan 3. kvartal
2.21.	Stølshelg i Undredal 2023: Støtte til profilering/ gjennomføring av den årlege stølshelga på Langhuso.	25 000	10 000	Underdal ungdomslag, Opplev Underdal AS, parkpartnarar.	Underdal ungdomslag	Arrangementet gjennomført innan 1. september.
2.22.						
Anna						
2.23.	"Styvi Gardsmuseum": Garden Styvi ved Nærøyfjorden er eit kulturminne av stor kulturhistorisk og opplevingsmessig verdi. Den utgjer ein av dei viktigaste attraksjonane langs Nærøyfjorden og er veldig mykje besøkt av turgåarar, skuleelevar, turistar frå inn- og utland. Det er gjennomført eit forprosjekt med mål om tilrettelegging for auka publikumsbesøk og formidlingsverdi til museet. Bearbeiding/ redigering av lyd- og filmopptak/ gjennomgang av gjenstandar vere ei sentral oppgåve			Styvi Gard Verneområdeforv. Musea i regionen	Prosjektleder kommunik.	<i>Prosjektet er mellombes parkert i påvente av oppdatering/ avklaringar.</i>
SUM SKAPE NÆRING OG KULTUR		1 540 000	1 035 000			

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2023	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Ansvar	Målsetjing/ resultat
3	TA VARE PÅ NATURAV OG MILJØ					
3.1.	Tiltaksplanen for kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap: Pådrivar/støttespelar i samband med gjennomføringa av tiltaksplanen. Setje fokus på beite og utmarksressursar sin eigenverdi og sentrale som element i kulturlandskapet.	40 000	20 000	Verdsarvrådet Verdsarvkommunane SF-landbruksavdelinga	Dagleg leiar/ parktilsette	Auke den øk. ramma/ nasjonale finansieringa av tiltaksplanen.
3.2.	Felles ferdselsreglar/ « Leave No Trace»: Implementere felles ferdselsreglar i Verdsarvområdet. Føremål å opplyse og ansvarleggjere gjestene, dempe ulemper for/ konflikhtar med fastbuande, betre opplevinga for gjestene. Inkl. utvikling av kortfilm/animasjon til bruk i opplæring. (<i>Overført frå 2022.</i>)	60 000	40 000	Parkpartnarane. Visit Sognefjord Visit Voss Verdsarvkommunane Verneområdeforvaltning	Prosjektleiar merking	Implementert hjå parkpartnarar/ samarbeidspartar.
3.3.	Besøksforvaltning, Vestnorsk fjordlandskap: 1. Registrering av ferdsle/ bygge kunnskap for god forvaltning og styring av aktivitet. Innkjøp av fleire ferdselsteljarar. Grunnlag for rapportering. 2. Delta i Visit Sognefjord sitt Masterplanarbeid i prosessen mot Berekraftig reisemål. 3. Pådrivar for etablering 3årig pilotprosjekt knytt til utprøving av ein modell for fellesgodefinansiering i Vestnorsk fjordlandskap/ Visit Sognefjord. 4. Gjennomføre arrangement/ møteplass som dele erfaringar i høve besøksforvaltning og "leave no trace»	200 000	150 000	Verdsarvrådet Visit Sognefjord/ Visit Voss Verneområdeforv. Verdsarvkommunane Parkpartnarane mv.	Dagleg leiar/ parktilsette.	1.Etablere kunnskap om ferdsle i Verdsarvparken. 2.Utarbeidd prioritert handlingsprogram - ref. Masterplan. 3.Etablert pilot for fellesgodefinans. 3.Synleggjere erfaringar relatert til besøksforvaltning.
3.4.	Prosjekt "Levande Fjordlandskap": 1. Fylgje opp/ vere pådrivar for implementering av nasjonal målsetjing om «Best Practice» i verdsarvområdet. 2. I samarbeid med HVL/ vidaregåande skular vidareutvikle/ gjennomføre undervisningsopplegget «Levande fjordlandskap - sanning eller kun illusjon». 3. Pådrivar for eliminering av utslepp til luft og sjø. 4. Planlegge, organisere og gjennomføre ein ryddedugnad i Verdsarvparken tidlig vår 2023. Mobilisere parkpartnarar og andre aktørar til felles innsats. 5. Kartlegge kva som finst av kunnskap / forskning om fjordane/ marin del.	485 500	395 000	Verdsarvrådet Visit Sognefjord The Fjords Parkpartnarane Verdsarvkommunane Verneområdeforv. Voss gymnas Havforskningsinst./HVL./ UiB	Dagleg leiar/ parktilsette	1. Styrke Verdsarvparken som eit verdi- og miljøfremjande reisemål. 2. Kartlagt og formidla kunnskap om marin del/ fjordlandskapet under sjøflata. 3.Gjennomført undervisningsopplegg på Bakka innan 3. kvart. 3. Gjennomført ryddedag innan 1.mai.

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2023	NVP	Partnerar/ Samarbeidspartar	Ansvar	Målsetjing/ resultat.
3.5.	"Twinning"- samarbeid med NPS Glacier Bay, Alaska: Vidareføring av samarbeidet mellom Vestnorsk fjordlandskap v/ Verdsarvrådet og Glacier Bay v/ NPS. (<i>Detaljplanlegging i prosess, innhald ikkje fastsett.</i>)			Verdsarvrådet Geirangerfjorden Verdsarv Verdsarvparken NPS Glacier Bay Skulane	Dagleg leiar/ verdsarv- koordinator	Vert fastsett på eit seinare tidspunkt.
Skjøtsel og tilrettelegging						
3.6.	«Verdiskapingsprosjekt, Stalheimskleiva»: Oppfylgning og støtte til utarbeiding/gjennomføring av ein enkel aktivitets- og handlingsplan for Stalheimskleiva. Føremål: Stalheimskleiva som ressurs og kjelde til ny verdiskaping.	50 000	15 000	Stalheim Hotel, Statens vegvesen, grunneigarar, Voss herad, Vernområdeforv.	Prosjekt Stalheimskleiva / Stalheim landskapspark	1. Framlegg til handlingsplan klar innan 2. kvartal.
3.7.	Draumeplassen, Flåm: Medverke til utarbeiding og oppsett av infoskilt samt støtte til gjennomføring av kveldsarrangement. Gjennomføre enklare tilrettelegging/ etablering av natursti.	30 000	15 000	Rotfesta/ grunneigar/ Flåm skule.	Prosjektleiar vandring	1. Tilrettelegging/ skjøtsel gjennomført innan 3. kvartal.
3.8.	«Vandring og verdiskaping»: Ei pågåande satsing med mål om å kvalitetssikre eksisterande/ etablere ny infrastruktur samt få etablert/ synleggjort eit større potensiale for vandring og andre aktivitetar gjennom styrka samarbeid og samhandling mellom dei ulike aktørane om kva turveggar/ vandringsruter som skal prioriterast for tiltak. Planlegge/ gjennomføre merking/ skjøtsel, samstundes registrere og fylgje opp meldingar om skade/ trong for naudsynt skjøtsel, tilsyn og informasjon. Etablering av nye innfallsportar. Vidareføre samarbeidet om vandring/ integrering. <i>Eigen tiltaksplan i prosess.</i>	150 000	100 000	Grunneigarar, lag og organisasjonar, destinasjonsselskap, reiselivsverksemdar. NAV Aurland og Lærdal Verneområdeforvaltning Verdsarvkommunane Skulane	Prosjektleiar vandring	Tiltak/ aktivitetar gjennomført i samsvar med tiltaksplan.
3.9.	Informasjonstavler og skilting: Framhald utvikling, produksjon og oppsett av verdsarvtavler/ lokale infotavler i og kring Verdsarvområdet i samsvar med ny merkevareprofil.	400 000	350 000	Grendene/grunneigar/ Verdsarvkommunane Verneområdeforv. Visit Sognefjord Parkpartnerar	Prosjektleiar vandring og merking	Oppsett av min. 20 nye infotavler.

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2023	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Ansvar	Målsetjing/ resultat.
3.10.	<p>»Nye Aurlandsdalen«</p> <p>1.Fremje, planlegge/ organisere og sikre gjennomføring av tiltak og aktivitetar knytt m.a. istandsetjing/ vedlikehald, rydding, merking/ skjøtsel av stiar i Aurlandsdalen. (Geiteryggen - Vassbygdi).</p> <p>2.Vere pådrivar og støtte for auka bruk og verdiskaping knytt til vandring.</p> <p>3.Ta hand om/ koordinere akutte tiltak i dalen knytt til ras/ steinsprang .</p> <p>4.Ivareta sekretær oppgaver for styringsgruppe Aurlandsdalen.</p> <p><i>Eigen tiltaksplan i prosess.</i></p>	300 000	150 000	Styringsgruppe Arbeidsgruppe Reiselivsverksemdar Visit Sognefjord Grunneigarar	Prosjektleiar vandring	Tiltak/ aktivitetar gjennomført i samsvar med plan godkjent av styringsgruppa.
3.11.	<p>Turvegen Bøen - Heggviki: Utarbeide framlegg til formidlings- og skiltplan som skisserer løysingar for sittegrupper, skiltplassing, og sykkelparkering. (Turvegen vert etablert parallelt ved Aurlandsfjorden, godt utg. pkt. for verdsarvformidl.)</p>			Aurland kommune Visit Sognefjord	Prosjektleiar vandring og merking	Prosjektet er førebels parkert i påvente av oppstart/ gjennomføring.
3.13.	<p>«Verdsarvstatus og berekraft i verdsarvbygdene»:</p> <p>Gjennomføring av forprosjekt/-analyse som med ei brei og involverande tilnærming til verdsarvbygdene tek sikte på :</p> <p>1.å synleggjere desse lokalsamfunna som «verdsarvbygder», kvar på sin måte.</p> <p>2.å auke attraksjonsverdien og attraksjonskrafta til desse bygdene</p> <p>3.å avklare korleis NVP, som forvaltar av verdsarvstatusen, kan bidra til dette.</p>	300 000	200 000	Verdsarvbygdene Parkpartnarar Reiselivsverksemdar Forvaltning Opplev Underdal AS	Dagleg leiar/ Opplev Underdal AS	Skisse til analyse/ profil klar innan 3. kvartal 2023.
3.14.	<p>Landskapspleie i Stalheim landskapspark: Gjennomføre eit prøveprosjekt i samarbeid med Voss Herad, Statens Vegvesen, lokalt næringsliv og Stalheim landskapspark.</p> <p>Etablere ei ungdomsgruppe som får tilbod om sommararbeid med stell og vedlikehald av område Stalheim/Haugsvik.</p> <p>Arbeidsområde: Kongevegen, Stalheimskleiva, Stalheim Hotel, Turstiar, Badestrand, Haugsvik, nærmiljøanlegg m.m.</p> <p>Lokale ungdommar vil få ei tilhøyring/ eigar forhold til den flotte naturen dei bur i og representerar.</p>	200 000	50 000	Stalheim Landskapspark Voss herad Visit Voss Statens Vegvesen	Stalheim Landskapspark	1.Skjøtselstiltak gjennomført innan 3. kvartal
3.15.						
	SUM TA VARE PÅ NATURARV OG MILJØ	2 215 000	1 485 000			

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2023	NVP	Partnerar/ Samarbeidspartar	Ansvar	Målsetjing/ resultat.
4	TA VARE PÅ KULTURARVEN					
4.1.	«Sivle-vandring», <i>Stalheim</i> : Medverke til utvikling av ei historisk vandring med utg. pkt. i Per Sivle sitt liv/ forfatterskap. Inkl. fastsetting av rute, oppsett av infoskilt og trykking av brosjyrer. <i>(Overført frå 2022)</i>	60 000	40 000	Sivle-laget/ Stalheim Hotel/ Brekke gard Forvaltninga	Sivle-laget	Ferdig utvikla plan/ konsept klart til utprøving innan 3. kvarta.
4.2.	Inspirasjonssamling om gjenbruk av eldre bygg på landbrukseigedomar : I lag med relevante samarbeidspartar planlegge og gjennomføre fagdag/ inspirasjonssamling kring tema «ny» bruk av eldre landbruksbygningar.	75 000	45 000	Felles landbrukskontor ÅLA Vestland fylke Verdsarvkommunane	Prosjektleiар kulturminne	1.Fagdag gjennomført innan 3. kvartal
4.3.	«Sivleparken i Flåm»: Utvikling, produksjon og oppsett av infotavler ved Sivleparken, garden Flåm og ved tomte til gamleskulen.	50 000	40 000	Vener av Flåmsdalen Grunneigar Kommunen	Vener av Flåmsdalen	Ferdig utvikla/ produsert og sett opp innan 2. kvart.
4.4.	Kurs og seminar i innan byggeskikk, bygningsvern og tradisjonshandverk : Planlegge og gjennomføre ein serie på 3-5 kurs som eit aktivt oppfylging av restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden. Fokus på tørrmuring, skifertekking, materialval og-kunnskap m.v.	60 000	40 000	Parkpartnerane, Forvaltninga..	Prosjektleiар kulturminne	Gjennomført 4-5 kurs innan 3. kvartal.
4.5.	Bygningsvernssenter, Verdsarvparken : Gjennomføre oppstartseminar/ studiebesøk til bygningsvernmiljø som innleiing til etablering av eit bygningsvernssenter i Verdsarvparken.	75 000	50 000	Fortidsminnef. SF Otternens Bygdetun Vestland fylkesk.	Fortidsminnef. SF	Oppstartseminar/ studiebesøk gjennomført innan 2 kvartal 2023.
4.6.	«Steinarbeids- og tørrmuringsdagane»: Verdsarvparken ynskjer å byggje vidare - meir aktivt og medvite - på interessa for både tørrmuring og stein som ressurs til byggjeføremål og anna. Tanken er å utvikle ei eiga satsing på dette. Ein kan sjå føre seg eit konsept med fylgjande arbeidstitel: «Steinarbeidsdagane i Verdsarvparken», som kan gå føre seg kvart eller annakvart år, der ein kan ha ulike aktivitetar om dette med bruk av stein, t.d. føredrag, kurs, ekskursjonar, turar.	110 000	110 000	Parkpartnerar, Verdsarvkommunane, Verneområdeforvalt., andre relevante samarbeidspartar. .	Prosjektleiар, kulturminne	1.Etablert arbeidsgruppe. 2. Utgreidd innhald, organisering og gjennomføring av konsept.
4.7.	Husmannsplassen Galdane : Medverke til utarbeiding av restaurerings - og skjøtselsplan for kulturmiljøet. <i>(Overført frå 2022)</i>	75 000	50 000	Grunneigar/ eigar Lærdal kommune Lag/ organisasjonar Vestland fylke	Prosjektleiар vandring og merking	Planar klar innan 3 kvartal.
	SUM TA VARE PÅ KULTURARV	495 000	365 000			

Merknad: Gjennomføring føreset løyving av økonomi i samsvar med finansieringsplanen.

Aurland, pr.20. desember 2022.

Erling Oppheim
Dagleg leiар